

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Vår referanse: 2011-B01_2
Bergen, 30.09.2022

**KÅLÅS BYGG AS.
LEKNES VEST. GNR. 195 BNR. 6.
SØKNAD OM GODKJENNING AV TEKNISKE PLANAR FOR VATN- OG
AVLAUPSANLEGG.**

På vegne av tiltakshavar Kålås Bygg AS søker me om godkjenning av tekniske planar for vatn- og avlaupsanlegg i forbindelse med utbygging av regulert bustadfelt i reguleringsplanen for Leiknes vest bustadfelt, plan nr. 1236-20052002 og Leiknes skule plan nr. 1236-201008. Det skal etablerast 10 nye einebustader. Det leggst til rette for tilkobling av eksisterande hytte på gnr. 195 bnr. 58.

Det er etablert kommunal vassleidning forbi Leiknes skule, som er avslutta ved snuhammer i enden av vegen ved skulen. Vassleidning skal videreførast inn i bustadfeltet, i den private vegen. Avlaup frå nye bustader skal førast til ny slamavskiljar og nytt utslepp føres til sjø i Leknesvågen. Det vil bli søkt om utslippsløyve samtidig med byggesøknaden til byggesaksavdelinga.

Etter avtale med avdeling Teknisk drift v/Arne Helgesen er det vassleidning prosjektert oppgradert med større dimensjon, frå ø110mm til ø180mm PE100 SDR11 leidning, slik at kommunen kan overta vassleidningen og vidareføre denne over Leknesvågen i ei seinare utbygging. Vassleidning skal førast i borhol til sjø for framtidig vidareføring. Det er kun hovudvassleidning med dimensjon ø180mm og tilhøyrande vasskummar som skal overtakast av kommunen til drift og vedlikehald. Resten av det planlagde vatn- og avlaupsanlegget skal være privat. Utbyggjar har ansvar for å oppretta vellag som vil få ansvaret med å vedlikehalde og drifta det private anlegget. Det er utarbeidd ein utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Alver kommune.

Tiltaket omfattar følgjande: vass-, avlaup- og overvassanlegg:

- Kommunal vassleidning
 - Etablering av ein nye ø1600mm vasskum, V1, i planområdet.
 - ø110mm PE 100 SDR11 vassleidning blir tilkopla eksisterande ø110mm vassleidning i eksisterande vasskum (EKS VK). Vidare frå kum V1 blir det lagt ø180mm PE 100 SDR11 fram til kum V4. Frå vasskum V3 etablerast borhol til sjø med inntrekking av vassleidning ø180mm PE100 SDR11 med PP-kappe. I sjø blir det lagt ut vassleidning ø180mm PE100 SDR11 med mineralfyllt PP-kappe (ferdig vekta leidning for 50% luftfylling). Vassleidning avsluttast i sjø for framtidig vidareføring over Leknesvågen. Alle vassleidningar er prosjektert med RC-kvalitet.
 - Vasskum V2 ligg på høgbrekk og er prosjektert med lufteventil.

- I alle vasskummar blir det etablert brannvassuttak.
- Privat vassleidning
 - Frå kum V2, V3 og V4 blir det lagt ut ø32mm PE100 SDR11 vassleidning til kvar enkelt eigedom. Det leggjast også ut ny vassleidning frem til eksisterande hus på gnr. 195 bnr. 137, som erstatning for brønn som blir øydelagt som følge vegbygginga.
- Privat spillvassleidning
 - Ny hovudleidning for spillvatn ø110mm PVC skal koplast til ny slamavskiljar.
 - Slamavskiljar er dimensjonert for 10 ny bustader og ein fritidsbustad.
 - Utslippsleidning førast til sjø i Leknesvågen med ø110mm PE100 SDR11 leidning. På grunn av bratt terreng må denne leggjast i grunn grøft eller klamrast til fjell.
 - Det blir lagt ut ø110mm PVC stikk til kvar einebustadtomt. Eksisterande fritidsbustad må pumpe avlaupet opp til slamavskiljar.
- Handtering overvatn
 - Overvatn handterast i størst mogleg grad med infiltrasjon til grunn.
 - Overvatn frå vegareal førast til drenrende grøfter langs vegen. Det etablerast sandfangskummar som fangar opp overvatn som ikkje blir drenert til grunnen og leder det til terreng.
 - Overvatn på bustadtomter handterast lokalt på kvar tomt med infiltrasjon til grunnen I tidlegare byggetrinn blei det sett av stikk til overvatn nordaust for planområdet som ny ø200mm DV overvassleidning blir kopla til.


Til kommunal overtaking

Vassleidning ø180mm PE100 SDR11 i følgje tabell under.

Strekk	Vannledning
Kum Eks VK-V1	ø110mm PE100 SDR11
Kum V1-V2-V3-V4	Ø180mm PE100 SDR11
Kum V3 – sjø (i borhol)	ø180mm PE100 SDR11

Spørsmål om søknaden kan rettes til Anders Haugen på tlf. 55 59 82 66/95 82 33 08 eller e-post anders@haugen-vva.no.

Med venleg helsing



Anders Haugen

Vedlegg:

Teikningar i følgje teikningsliste

Kopi av brev og vedlegg:

Kålås Bygg AS v/Lars A. Hagesæter